Fra: Ingeborg Hauge Høyland[ingeborg.hoyland@nmbu.no]
Mottatt: 30.10.2026 15:23:58
Til: Utdanningsdirektoratet[post@udir.no]
Kopi: Erlend S. Granrud[erlend.soberg.granrud@udir.no]; Ole-Jørgen Torp[ole-jorgen.torp@nmbu.no];
Tittel: Innspelsrunde om framtidas vidaregåande opplæring

Nokre personar som fekk denne meldinga, får ikkje ofte e-post frå ingeborg.hoyland@nmbu.no. Finn ut kvifor dette er viktig

Hei!

I tillegg til det innspelet som er sendt via innspelsportalen, har NMBU fyljande kommentarar som vi ber om blir kopla til innspelsskjemaet.

NMBU takkar for høvet til å gi innspel til arbeidet med framtidas vidaregåande opplæring. Innspelet byggjer på bidrag frå fleire fagmiljø ved NMBU, særleg Institutt for lærarutdanning ved Fakultet for realfag og teknologi.

NMBU støttar innspelet frå Universitets- og høgskolerådet (UHR), som er oversendt U-dir.

Det vidare arbeidet må byggje på eit tydeleg kunnskapsgrunnlag, ein realistisk tidsplan og reell medverknad frå alle relevante aktørar. Etter vår vurdering gir U-dir sitt grunnlagsnotat for innspel i for liten grad greie for kunnskapsgrunnlaget, kva utfordringar reforma skal løyse, og kvifor dei skisserte løysingane er valde. Det gjer det vanskeleg å vurdere om forslaga vil bidra til å nå måla, og også vanskeleg å gi konkrete innspel. Før ny struktur og nye retningar blir fastlagde, må det etter våre vurderingar m.a. avklarast kva det inneber å vere studieførebudd.

Vi tilrår derfor at arbeidet med reforma i vidaregåande opplæring blir samordna med andre relevante prosessar, mellom anna arbeidet med ny strategi for realfag og teknologi, slik at struktur, faginnhald og valmoglegheiter støttar opp under måla for realfag og teknologi, som er ei særleg utfordring i dag. Vi viser til innspelet vårt til Nasjonal strategi for realfag og teknologi. Der peikar vi m.a. på at endringar i innhald, organisering og finansiering må sjåast i samanheng gjennom heile utdanningsløpet.

NMBU støttar UHR si oppmoding om å revurdere oppstart hausten 2030. Tidsplanen må gi rom for å ta omsyn til pågåande forsking og utgreiingar og samordne reforma med parallelle endringsprosessar.

Alle relevante aktørar bør få høve til å gi heilskaplege og strategiske innspel medan premissar og løysingar framleis er opne for drøfting. Innspelsprosessen bør derfor gi rom for vurderingar utover enkeltspørsmåla i svarskjemaet. Desse innspela bør synleggjerast og inngå i det vidare arbeidet på lik linje med skjemasvara.

Med helsing

Ingeborg Hauge Høyland

Ingeborg Hauge Høyland
Seniorrådgjevar
NMBU, Studieavdelinga

Tlf 67230253/91817876